

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Ref 201307685-13 Høring - Småkraftpakke Fyresdal

Kommentar til utviding av Soks Kraftverk AS

Fyresdal Turlag ser det som svært uheldig ved ei vidare utbygging av Steinsvatn. Det er spesielt å demme opp dette flotte vatnet med om lag ein meter. Med sin flate topografi rundt vatnet vil dette ha store ringverknader på naturen rundt. Vi har hatt fleire turar opp hit og hatt pause ved ein lang odde som strekker seg ut i vatnet. Med auke av vasstanden på ein meter vil dette fine område stå under vatn. Her er også ei veldig fin badestrand. Vi har dessverre veldig mange vatn som er oppdemt i Fyresdal. Å demme opp slik eit flott vassdrag hadde vi håpa var historie i 2017. Vassdraget bør bli ståande slik det er nå, med dei inngrepa som blei gjort under utbygginga i 2009!

Vi vil og referere til vedlegg frå Helge Kiland: **Høyringsuttale Steinsvassåne kraftverk.**

Fyresdal Turlag
Styreleiar Sven Lie